

Eivind Fredlaus sin gøymestad i Leveld




Følg fylkesvegen nokre meter vestover frå Leveld skule. Ta inn på Kvednavegen til venstre og gjennom bustadfeltet i Gunnarhaugen. Følg lysløype-traseen over Votna. Ta til venstre i krysset og følg løypa vidare rundt. Der løypa svingar nedover, går ein i staden om lag 200 m oppover i vestleg retning. Følg raud merking til du kjem til steinstugu der Eivind Fredlaus budde når han var nedi bygda.

Alternativ kan du parkere ved Leveld Kunstnartun og gå ned den gamle skogsbilvegen rett aust for kunstnartunet. Etter at du har gått brua over elva Votna kjem du inn på lysløype-traseen og følgjer den vestover til du kjem til steinstugu.

Steinstugu er ei stor hule gøymt innimellom massive steinblokkar. Følg skiltinga for å kome inn i hola, eller kryp inn i ho ved å smyge deg under den eine steinblokken frå nedsida.

Vidare er det tre alternativ: Anten gå attende same vegen, halde fram heile lysløyperunden (2,5 km i alt), eller gå endå 100 m vestover mot skogsbilvegen, følgje den over Votna, og gå fylkesvegen attende til der du har parkert.




For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000 og tur/sykkelkart Al/Goll/Hemsedal 1:60000





Foto: Steinar Saghaug


Eivind Gudbrandsgard blir fredlaus


Ein krangel om eigedomsrett i 1719 i utmarka enda med at Eivind Gudbrandsgard knivstakk Ola Øylien så han døydde. Eivind rømde til fjells og levde som fredlaus og ettersøkt i fjella mellom Hallingdal og Indre Sogn i mange år. Han fekk hjelp av både slektningar i Leveld og godtfolk i Lærdal. Han bygde seg fleire krypinn og små steinbuer som vi kan sjå reistar etter, mellom anna i Eivindbotn inne i lungsdalen. I 1737 vart han funnen død i Toviken. Etter segna vart han skoten av ein lærdøl. Sjå meir informasjon i boka "Såga om Eivind Fredlaus"

 Køyr Nordbygdvegen (Fv.244) til Leveld skule og start med å gå Kvednavegen gjennom bustadfeltet Gunnarhaugen. Alternativt køyr til parkeringsplass rett vest for Leveld kunstnartun.

 Ved Leveld skule. Alternativt ved Leveld Kunstnartun.

 Ca. 2,5 km om du går turen som rundtur i lysløypa med utgangspunkt i Leveld skule. 681-740 moh.

 Steinstugu til Eivind Fredlaus.

 Lett stig i skogsterreng og litt på asfalt.

